



Berit M.Eskeland

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/640 - 16/4546

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

03.03.2016

Godkjenning - Løyve til bygging av kommunalt vassforsyningsanlegg mv frå Fløksand til Beitingen

Administrativt vedtak. Saknr: 57/2016

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søkjar: Multiconsult ASA
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Multiconsult ASA har ved søknad journalført 1.3.2016 søkt om løyve til å legge nytt kommunalt vassforsyningsanlegg frå Fløksand til Beitingen. Det er gjennom søknaden opplyst at Meland kommune skal legge ny vassleidning, veglys og fiber på strekninga frå Fløksand til Beitingen langs eksisterande bilveg.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket ble nabovarsla 18.2.2016 i samsvar med pbl § 21-3 utan merknader.

Lov- og plangrunnlag:

Leidningstraséen og tiltaket elles er i samsvar med gjeldande plangrunnlag.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Trasèen følger i all hovudsak eksisterande veg og inneber ikkje tiltak som kjem i konflikt med LNF-omsyn i KPA eller andre arealformål innanfor regulerte delar av trasèen. Tiltaket kjem heller ikkje i konflikt med byggjeforbodet i strandsona (unntak for kommunalteknisk anlegg, jf føresegn 1.6 til KPA).

Kommunen sin godkjente VA-norm skal leggjast til grunn for tiltaket, jf føresegn 1.4.1 til KPA. Tiltaket er elles i samsvar med tiltaksplan/hovudplan for vassforsyning vedteke av Meland kommunestyre 17.12.2014, sak 85/2014. På denne bakgrunn vert tiltaket vurdert å vere i samsvar med føresegn 1.5.2 til KPA som inneheld krav om felles plan for infrastruktur innanfor areal sett av til bygg og anlegg.

Tiltaket vert etter dette vurdert å vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel både kva gjeld arealkart og føresegner, og er heller ikkje i strid med vedtekne reguleringsplanar.

Plassering og utføring av tiltaket:

Tiltaket skal plasserast og utførast som vist på oversiktskart og grøftesnitt journalført motteke 1.3.2016.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan vedlagt søknaden. Erklæring om ansvarsrett for utførande av vassforsyningsanlegget skal saman med oppdatert gjennomføringsplan sendast kommunen før denne dele av arbeida blir starta opp. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og f, blir det gitt løyve til graving og nedlegging av vassforsyningsleidning frå Fløksand til Beitingen som omsøkt, jf søknad journalført motteke 1.3.2016. Tiltaket skal plasserast og utførast som omsøkt, oversiktskart og grøftesnitt journalført motteke 1.3.2016.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følger av vedtaket eller vurderinga over.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Løyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyvet vart gitt, eventuelt dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det

er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

VVA Fløksand_Beitingen

Mottakere:

Berit M.Eskeland
Multiconsult ASA

Nesttunbrekka 99 5221

NESTTUN